

KLEPPA OG TILBOD TIL FUNKSJONSHEMMA – Syril årsmøte 2021

Skianlegget på Kleppa og Kleppahytta er ein viktig arena for friluftsliv og idrettsaktivitetar for alle innbyggjarar i Leikanger. Styret i Syril bad i 2018 styret for Kleppahytta om å lage ein plan for ombygging av hytta. Styret fekk ved hjelp av arkitekt utarbeidd ein slik plan. Ein del av planen var å lage ei rampe for rullestolbrukarar slik at tilkomst til hytta vart enklare.

Kleppahyttestyret ønsker å minne om Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for nye Sogndal kommune. Der er det kommentert at Kleppahytta ikkje er eigna for rullestolbrukarar.

I den same planen er det også skissert eit prosjekt for utbetring av skiløypa på Kleppa.

Styret for Kleppahytta ønsker at Syril vurderer

- Tiltak for å betre Syril sitt tilbod til funksjonshemma i Leikanger; herunder f. eks.
 - o Tilkomst til Kleppahytta
 - o Asfaltert rullestolløype på Kleppa. Den kan fungere som underlag for rulleski og vanlege ski

Finansiering : Styret søkte midlar frå Sture Husabø sitt minnefond og frå Sparebankstiftinga i 2020. (Det var Syril hovudorganisasjon som fekk tildelt midlar, ikkje undergrupper). Vi vil halde fram med å søke midlar. Vi vil legge ut informasjon på Syril si heimeside som reklame for utleige av Kleppahytta.

Vi undrar også om Syril etter kvart har høve til å løyve midlar, slik at vi kan sette i gang det planlagte ombyggingsarbeidet på hytta.

Referanse:

Frå KOMMUNAL PLAN FOR FYSISK AKTIVITET, IDRETT OG FRILUFTSLIV FOR BALESTRAND, LEIKANGER OG SOGNDAL KOMMUNE, 2018 - 2023

Utbetring av skiløype på Kleppa

I dag har ikkje løypa tilfredsstillande breidde og tverrprofil for å arrangere renn i friteknikk. I tillegg er overflata for ujamn nokre plassar for å brukast med lite snø. Føremålet med prosjektet er å gjere løypa i stand til alle type skirenn (både klassisk og friteknikk) og at løypa skal kunne brukast ved lite snø. Prosjektet er under prosjektering og er planlagt gjennomført i 2019. Dugnad er ein del av finansieringa.

Rehabilitering av skihytta på Kleppa

Universell utforming skihytta på Kleppa: I dag er hytta ikkje eigna for rullestolbrukarar, kjøkkenet er nedslite og romstrukturen treng justering for å gjere hytta eigna for fleire type aktivitet. Tiltaket er under planlegging. Kommunen sin del av finansieringa må løyvast gjennom det årlege budsjettet. Er føresett ferdigstilt og gjennomført i 2020.